

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/16	Valnemnd	PS	29.02.2016
012/16	Heradsstyret	PS	02.03.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	15/3154

Konfliktrådet - oppnemning av medlem i oppnemningsutvalet

Rådmannen gjer ikkje framlegg.

Heradsstyret - 012/16

HS - behandling:

Berit M. Borge, gjorde på vegner av valnemnda slikt framlegg: "Medlem ordførar Jarle Skeidsvoll, KRF."

AVRØYSTING

Framlegget vart samrøystes vedteke.

HS - vedtak:

"Oppnemning som medlem i oppnemningsutvalet i konfliktrådet: ordførar Jarle Skeidsvoll, KRF."

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I epost av 12.10.15 minner Konfliktrådet i Hordaland alle kommunar om at det skal oppnemnast ein representant frå kvar kommune til Oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar for dei neste 4 åra.

Meklarar i konfliktråd blir oppnemnd av eit utval bestående av ein representant frå politiet,

konfliktrådsleiar og ein representant frå den kommune det oppnemnast meklar for. Representanten frå politiet og konfliktrådsleiar sitter fast i utvalet, og representanten frå kommunen blir bytta ut i samband med kva kommune det skal oppnemnast meklar i. Oppnemning av meklarar i konfliktråd er heima i Lovom konfliktrådsbehandling, § 4.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2014-06-20-49?q=lov%20om%20konfliktr%C3%A5d>

Kommunane har tidlegare valt ulike måtar å løyse dette på. I nokre

kommunar har ordførar eller rådmann fungert som representant, mens andre kommunar har valt å peike ut ein eigen representant med vararepresentant. Det er opp til kommunane å organisere val av

representant til oppnemningsutvalet frå eigen kommune.

For perioden 2011- 2015 har ordføraren vore representant.

Valet gjeld for 4 år.

Vurdering

Rådmannen har ikkje merknader til saka.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Valnemnda må etter dette gi tilråding til val i heradsstyret